

TIL OPNINGSFØRESTILLINGA I FESTSPELA

Det finst ein del spørsmål forfattarar og kunstnarar, ja, eigentleg alle menneske bør stille seg av og til: Kvifor driv eg på med dette? Kva er det eg vil seie? Har eg noko på hjartet? Står det noko på spel? Kva er viktig og riktig for meg?

Av og til, når eg skriv, prøver eg å stoppe opp og spør meg sjølv nettopp dette: Kva er viktig og riktig med denne teksten?

Ein gong måtte eg rett og slett svare «ingenting» på dette spørsmålet. Eg fann ut at teksten eg sat og skreiv på, det som skulle bli krimroman nr. 3 med Ina Grieg, faktisk kjendest uviktig og urelevant for meg. Det eg gjorde da, var å pælme 150 manussider rett i søpla. Tre månaders arbeid.

Så begynte eg rett og slett å leite etter eit tema som betydde noko for meg. Eigentleg trur eg alle menneske har godt av den her øvelsen av og til: å setje seg ned og leite etter det viktige. Det er ikkje sikkert at du finn noko som helst, men sjølve leitinga er òg viktig.

Men snart fann eg faktisk noko. Dette var i tida for grunnlovsjubileet. Som den livsglade optimisten eg er, hadde eg lånt boka: *Skammens historie. Den norske stats mørke sider 1814–2014*. Her stod det blant anna om behandlinga av romanifolket, eller taterar, på 1900-talet. Det var sjokkerande lesing. Eit beksvart kapittel i norgeshistoria eg ana ingenting om. Ein av krumtappane i Statens systematiske overgrep mot eit heilt folkeslag, var Svanviken arbeidskoloni. Dette bruket låg på Eide på Nordmøre, berre 10 mil frå der eg sjølv vaks opp. Hit blei taterfamiliar send for å lære seg «den norske, bufaste kultur». Dei måtte bu og arbeide her i fem år. Viss dei nekta, blei barna tatt frå dei. Bruket var i drift heilt fram til 1989! Da var eg sjølv 18 år – og ante ingenting om Svanviken eller tateranes historie. To år etterpå, i 1991, brente den siste styraren alle arkiva på Svanviken.

Da eg las om dette, som 42-åring, kjente eg at det berre dirra i meg. Og eg visste det straks: Dette er viktig! Dette må eg skrive om! Dette må fram i lyset! Og dette blei da til slutt krimromanen *Den stille flokken*, som kom ut i år.

Men det verkeleg store spørsmålet her er: Kvifor er denne saka ukjend for folk flest i landet? Vi er flinke til å engasjere oss for Amnesty og menneskerettar i andre land. Men kvifor har vi ikkje eingong sett eller forstått dette folkemordet i vårt eige land?

Kanskje dette da faktisk er eit tabubelagt tema? Noko som er feia under teppet. Kanskje dette er ein av grunnane til at det framleis er nødvendig å ha «tabu» som tema på ein festival, også?

Eg har også andre tematiske raude trådar i forfattarskapen min. Ting som da opplagt engasjerer meg. For å halde fram i den optimistiske og tabubelagte leia, så er «psykisk helse» noko eg har tatt opp i fleire bøker. Særleg i ungdomsromanar, kanskje. Kvifor er det så vanskeleg å gå frå å vere barn til å bli vaksen? Kvifor begynner enkelte unge å slite? Kva er det som skjer med oss i denne tida?

Men sjølv om eg ikkje er redd for å bore i mørket, meiner eg òg at det er viktig å sleppe inn lyset – på dei rette stadane. Å dyrke håp og empati og humor. Det underfundige og fantasirike. Den sprudlande tanken. Eitt av mine store motto i livet, er å prøve å leve etter prinsippet om «homo ludens» – det leikande menneske. Ikkje minst er dette viktig og riktig, trur eg, ovanfor barn.

I samband med dette meiner eg det er alfa og omega at barn får gode kulturtilbod, at dei vaksne evnar å sjå barn og prioritere dei. Barn treng å få kilt fantasi- og humormusklane sine. Barn trenger lys på dei rette stadane i liva sine. Derfor er eg veldig glad for at det finst gode ordningar som Den kulturelle skolesekken og innkjøpsordningai kultur-Noreg. Men eg er samtidig skeptisk til andre sider ved barns kvardag, ikkje minst det eg kallar telje-skolen, det at skoleverket har slikt eit fokus på å brukarundersøke alt mogleg. Dette er ein kultur som stammar frå bedriftsøkonomien – og som er trædd ned over skoleverket, og til sjuande og sist også rammar barna. Kvifor kan ikkje lærarens fokus i staden vere: Kva kan vi skape i dag? Kva kan vi få til? Kva kan vi le av? Korleis skal vi få kila fantasimuskelen? Vi treng lærarar som koplar leik til læring. Som gjer det artig å lære. Som anerkjenner barns fantasi. Og ikkje drep gleda ved å telje og analysere og komme med ein ofte opplagt diagnose i etterkant.

Gi barna kultur for teljinga tar dei!

Og heldigvis er Festspela i år ein arena der barna blir sett i høgsetet! Det er eg veldig, veldig glad for. Ein av dei tinga eg gler meg aller mest til på årets festival, er å høyre barnekonserteren på fredag – der unge utøvarar skal synge og framføre nykomponerte barnesongar! Det skjer dessverre ikkje så ofte, så her må de kjenne besøkelsestida dokker, folkens!

Så har eg gøymt den kanskje aller viktigaste tingen til slutt, og det er sjølvsagt kjærleiken. For kjærleiken er viktigare og riktigare enn alt. Det veit alle.

Eg skal avslutte med å lese opp frå ein ungdomsroman som kjem ut neste år – og som har arbeidstittelen *Andromeda*. Ifølge redaktøren min er dette ei bok med kjærleik og spenning om sommarfuglar og universet. Hovudpersonen heiter Simon og er 16 år. Han driv med det som blir kalla «beefing», eit fenomen der unge gjengar avtalar å møtast for å slåst. Simon er fosterbarn, og han er ein av dei verste og råaste i dette miljøet. Til slutt blir han tvangsflytta frå Oslo av fosterheimstenesta til ein trong fjelldal på Vestlandet. Han er råsterk og han trur han vil fikse det nye miljøet lett. Og han er førebudd på alt, absolutt alt. Bortsett frå å bli forelska i feil jente.

Eg skal lese opp frå ei scene, der Simon da – til sin store irritasjon – merkar at han er i ferd med å bli forelska i den store emoen i klassen, Kaja. Og ho kjem og besøker han på gutterommet:

Eit par sekund etter banka det på døra.

– Kom inn!

Eg sette meg liksom betre til rette på senga. Kaja smatt inn med eit glis, og eg kjente ein merkeleg varme piple opp i meg. Kaja hadde på seg svarte dongeribukser og ein vid, svart collegegenser med følgjande gul påskrift: «Gotham. The City That Never Sleeps.» Det blå håret hadde ho sett opp i ein hestehale. Små, lange enkelthår i blått krølla seg ned forbi øyret.

Ho plumpa ned på senga, breidde seg liksom naturleg ut over, kasta så eit nysgjerrig blick mot teleskopet.

– Har du testa det?

Ei iling breidde seg brått frå tåspissane, stråla ut over heile kroppen, for så å ende opp som ei sitring i topplokket. Herregud, *visste* ho? At eg hadde sete og kikka på henne i stjerneikkerten kvelden i førevegen?

– Jepp, kremta eg. – Sat faktisk og såg på Betelgeuse i stad.

Kaja lo tørt.

– Så du har høyrte om Betelgeuse?

Eg trekte på skuldrene.

– Ei svær stjerne?

– Det kan du trygt seie. Betelgeuse er den niande mest lyssterke stjerna på nattehimmelen. Ei raud superkjempe. Øvst til venstre i stjernebildet Orion. Ufatteleg svær, faktisk. Den kunne fått plass til tre milliardar av vår sol inni seg.

– Shit!

Kaja akte seg liksom bortover senga, i mi retning. Ho lente seg fram og søkte auga mine. Kva *var* dette, da? Eg kikka raskt i ei anna retning.

– Men det som er aller mest merkeleg, høyrte eg henne seie, – er at den raudoransje kjempa snart vil bli til ein supernova. Betelgeuse vil eksplodere og bli borte.

– Seriøst?

– Det er det astrofysikarane trur. Og *når* den eksploderer, vil den lyse opp og skine like sterkt som månen, sjølv om han er dritlangt ute i galaksen. Før han blir borte. For godt.

– Det er jo nesten det same med oss menneska på jorda, da, sa eg.

Eg høyrde straks kor dumt det høyrtest ut. Ein overraska latter skvatt nærmast ut av Kaja.

– Ja, det er jo dette som skjer med alt – alle menneske så vel som stjerner, sa ho så. – Vi skin i vår tilmålte tid. Så er vi ikkje her lenger.